

Konkurransegrunnlag

BEDRIFTSHELSETENESTE

**Etne, Sauda, Suldal, Sveio, Tysvær og
Vindafjord kommune**

Frist tilbod 01.12.2018, kl. 14:00

Innhaldsliste

Innhaldsliste.....	2
1 Generelle opplysinger	3
1.1 Oppdragsgjever.....	3
1.2 Fakta om kommunane	3
1.3 Føremål og omfang	3
1.4 Lengd.....	3
1.5 Regel og prosedyre	3
1.6 Avvisning av tilbod	3
1.7 Verdi på leveransen	3
1.8 Viktige datoar.....	4
1.9 Levering av tilbod.....	4
1.10 Misleghald	4
1.11 Utelukking	4
1.12 Type kontrakt.....	4
2 Kvalifikasjonskrav	4
2.1 Obligatoriske og ufråvikelege krav.....	4
3 Kriteria for tildeling.....	5
4 Kravspesifikasjon	5
4.1 Føremål	5
4.2 Skildring av type oppdrag	5
5 Pris og vilkår.....	6
5.1 Generelt.....	6
5.2 Prisstigning	6
5.3 Faktura	6
5.4 Deltaking i konkurransen.....	6
5.5 Vilkår ved betaling	6

1 Generelle opplysingar

1.1 Oppdragsgjevar

Oppdragsgjevar er kommunane Etne, Sauda, Suldal, Sveio, Tysvær og Vindafjord kommune.

All kontakt som gjeld denne avtalen for desse seks kommunane skal rettast til innkjøpsansvarleg Ronny Mehus Rugland i Suldal kommune.

E-post	ronny.rugland@suldal.kommune.no
Telefon	52 79 22 33 / 95 73 16 67

Leverandøren blir oppfordra til å sende melding via same plass som konkurransen ligg.

1.2 Fakta om kommunane

	Etne	Sauda	Suldal	Sveio	Tysvær	Vindafjord
Tal årsverk per 31.12.17	305	431	440	369	980	640
Sjukefråvær 31.12.2017	6%	7,1%	7,9%	7,6%	9%	7,4%
Innbyggjarar (01.01.2018)	4 135	4 663	3 853	5 656	11 041	8 828

1.3 Føremål og omfang

Føremålet med denne konkurransen er å inngå ein avtale om bedriftshelseteneste for tilsette i dei seks kommunane.

1.4 Lengd

Avtalen gjeld for 2 år med opsjon på 1 + 1 år. Oppstart i frå 01.01.2019 for Sauda, Suldal og Tysvær kommune, og frå 01.04.19 for kommunane Etne, Sveio og Vindafjord. Kvar kommune gjer sjølvstendig val om opsjon.

1.5 Regel og prosedyre

Denne konkurransen vert handsama som anbodskonkurranse del I og del IV, i høve Lov og forskrift om offentlege innkjøp. www.lovdata.no.

Det kan bli dialog for å avklare og skilje tilboda frå kvarandre. Dialog kan skje både elektronisk eller som forhandling. Det blir berre forhandling dersom tilboda er vanskeleg å skilje i frå kvarandre, så leverandøren må levere sitt beste tilbod.

1.6 Avvisning av tilbod

Kommunane er ikkje forplikta til å godta nokon av tilboda dersom ingen av dei innkomne tilboda er rimelege. Eit tilhøve kan vera tilbod utover kommunane sine budsjettmessige rammer til bedriftshelseteneste. Det gjeld òg når det etter utsending av konkurransegrunnlaget har oppstått tilhøve som gjer kjøp uaktuelt. Tilboden skal vera gyldig i 90 dagar frå tilbodstidspunktet.

1.7 Verdi på leveransen

Rammeavtalen si verdi for 4 år for alle kommunane er estimert til 10 millionar kr ut i frå kjøp siste 4 år.

Berekninga er gjort ut i frå kjøp siste 4 år, og med omsyn til budsjettinnspeil i frå den enkelte kommune.

Verdien er rettleiande og skal ikkje føre til nokre pliktar for kommunane eller rettar for tilbydar.

1.8 Viktige datoar

Oppdragsgjevar har lagt opp til følgjande tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Frist for å stille spørsmål	7 dagar før frist for tilbod
Frist for å levera tilbod	01.12.2018, kl. 14:00
Tildeling (tentativ)	15.12.2018
Inngåing av kontrakt	02.01.2019

1.9 Levering av tilbod

Tilboden skal leverast via <https://permalink.mercell.com/93830619.aspx>. Det er ikkje mogleg levere inn deltilbod.

1.10 Misleghald

Ved misleghald kan avtala seiast opp av både partar med verknad frå straks.

1.11 Utelukking

Tilbydar som ikkje leverer godkjente dokumentasjonar eller skildringar, vil kunne verta utelukka for tildeling av kontrakt.

1.12 Type kontrakt

Kontrakt vil vera ein enkel standardkontrakt med den enkelte kommune, konkurransegrunnlag med vedlegg, alminnelige innkjøpsvilkår i den enkelte kommune og tilboden i frå leverandør i prioritert rekjkjefølgje.

2 Kvalifikasjonskrav

2.1 Obligatoriske og ufråvikelege krav

Følgjande krav må oppfyllast for å kunne delta i konkurransen:

- Det må vera eit lovleg registrert føretak. Dokumentasjonskrav: Attest for registrering i det faglege register (Brønnøysund).
- Tilbyder kan ikkje ha skatte- eller avgiftsrestansar. Dokumentasjonskrav: Skatteattest for meirverdiavgift og skatt. Ikkje meir enn 6 månader gamal.
- HMS- eigenerklæring.
- Tilbydar skal ha økonomisk kapasitet til å ta på seg oppdraget. Dokumentasjonskrav: siste års rekneskap (resultat, balanse og revisjonsberetning). Låg eigenkapital, stort underskot eller revisjonsmerknad kan vera diskvalifikasjonsgrunn.
- Tilbydar skal ha tilstrekkeleg med tal tilsette og tilsette med rett kompetanse til å ta på seg oppdraget (sjå vedlegg «Kompetansekrav»). Dokumentasjonskrav: oversikt over tilsette i dag med type bakgrunn og erfaring.
- Bedriftshelsetenesta skal vera godkjent av Arbeidstilsynet i samsvar med dei krav som er gitt i forskrift. Dokumentasjonskrav: attest.
- Tilbydar må oppfylle krava i personopplysningslova(GDPR).
- Leverandøren må oppfylle etiske krav (vedlegg: kontraktsvilkår etiske krav).
- I kontrakten vil det bli stilt krav om at tilsette hos leverandør og eventuelle underleverandører som utfører arbeid på kontrakten ikkje har dårlegare lønns- og arbeidsvilkår enn det som følger av gjeldande forskrifter om allmenngjorte tariffavtaler eller landsomfattande tariffavtaler for de aktuelle bransjene.
- Tilbydar må ha gjennomført liknande oppdrag for kommunar eller større verksemder.
- Det er krav om at tilbydar har lærlingordning.
- Leverandøren må ta omsyn til miljøet. Dokumentasjonskrav: ei skildring av verksemda sine miljørutinar

Dei same krava gjeld underleverandørar for det dei skal leve.

3 Kriteria for tildeling

Tilbydar som har levert korrekt tilbod og som tilfredsstillar kvalifikasjonskrava vil verta vurdert på bakgrunn av følgjande tildelingskriterium:

Leverandør vil verta valt på bakgrunn av det beste tilbodet der pris tel 50 % og kvalitet, kompetanse og oppdragsforståing tel 50 %.

- Pris 50%: Basispakke tel 20%. Leveranse på timebasis tel 20% og stykkpris tel 10%.
- Kvalitet, kompetanse og oppdragsforståing 50%: Legg ved CV og liste over relevant erfaring til dei som skal utføre oppdraget for kommunane 20%. Legg ved 4 referansar i frå andre tilsvarende oppdrag med kontaktperson (mail/telefon). Referansepersonane vil få eit spørjeskjema frå oss som vil danne grunnlag for poenggivinga 20%. Legg ved oversikt over responstid 10%. Kontaktpersonen for denne konkurransen vil sende ut spørjeskjemaet til dei oppgitte referansepersonane.

4 Kravspesifikasjon

4.1 Føremål

Føremålet med anskaffinga er å knytte til seg ein leverandør som skal vera ein ressurs og rådgjevande instans i høve til helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid. I tillegg skal leverandør bidra til at leiarar på alle nivå kan ivareta sitt HMS- ansvar. Oppdragsgjevar ønskjer ein bedriftshelseneste der det vert lagt vekt på vidare utvikling av kommunen sitt systematiske HMS- arbeid, førebyggjande arbeid og informasjon, samt råd og rettleiing både på individ- og verksemdsnivå. Sjå «Kravspesifikasjon med omtale av oppdraget»

4.2 Skildring av type oppdrag

Basispakken

Tema	Møte	Oppmøte	Kravspes.
Samarbeidsmøte med overordna nivå samt utarbeiding av samarbeidsplan kvart år	2 møte per år per kommune	K	A.1
Samarbeidsmøte med einingane samt utarbeiding av samarbeidsplan kvart år	Suldal: 15 møte per år Etne: 10 møte per år Sveio: 7 møte per år Vindafjord: 12 møte per år Sauda: 7 Tysvær: 8	E	A.1
Møte i IA utval	2 møte per år per kommune	K	A.3
Møte med verneombod	1 møte per år per kommune	K	A.4
Årsrapport AMU	1 rapport per kommune per år	-	A.5
Møte i AMU	4 møte per år per kommune	K	A.7
Møte i AKAN utval	1 møte per år per kommune	K	A.8
Samtalar med einskildpersonar	15 timer per år per kommune	I	E.2
Evalueringsmøter	1 møter per år per kommune	K	-

Oppmøte: K = kommunehus, E = eining/avdeling. I = individuelt (avhenge av situasjonen)

Pris på basispakken skal inkludere alt (kjøring, forarbeid, møte og etterarbeid). Det må vera høve til rådgjeving per telefon. Leverandøren skal på førespurnad levere den statistikken som kommunane ønskjer (statistikk på tal oppdrag per kvartal eller tertial spesifisert på type oppdrag og/eller periode eller liknande). Det skal vera inntil 2 evalueringsmøter i året, inntil 2 timer per møte, inkludert i basispakken.

Timepris/Stykkpris

Me ønskjer elles tilbod på timepris personell, timepris køyring og stykkpris per undersøking, kurs og liknande, sjå prisvedlegg. Vi føreset at leverandøren bereknar køyring i frå nærmeste kontor. Dersom det bereknast køyring i frå anna kontor må det grunngjenvæst. Leverandøren kan legge til grunn Google Maps si reisetid-berekning.

Undervisning/kurs (punkt C i kravspesifikasjonen)

Alle kostnader skal vera inkludert (køyring, forarbeid, møte, kursmateriell og etterarbeid). Kommunane har lov til å bestille undervisning/kurs i frå andre aktørar (til dømes Røde Kors) viss det er føremålstenleg. Dersom kommunen ønsker eit kurs med færre deltakarar og/eller eit kurs av kortare/lengre varighet så må det vera til ein pris som står i forhold til pristilbodet per «standard»-kurs.

Sjå «Kravspesifikasjon med omtale av oppdraget» for meir detaljar.

5 Pris og vilkår

5.1 Generelt

Prisar skal vera i norske kroner (NOK) og eksklusiv mva.
Det vert ikkje godteke påslag i etterkant.

5.2 Prisstigning

Prisane skal vera faste det første avtaleåret, og kan deretter regulerast årleg. Prisstigning kan berre regulerast i høve Statistisk Sentralbyrå sin konsumprisindeks. Prisendringar skal varslast kommunane 60 dagar før regulering.

5.3 Faktura

Leverandøren må sende elektronisk faktura på EHF- format. Leverandøren må merke fakturaen med den referansen som kommunen ønsker.

Leverandøren skal fakturere halvparten av basispakken i februar og den andre halvparten i september.

Faktura skal spesifisera eining/avdeling tenesta er levert til, namn på leiar/bestillar, kva som er levert, tal timer og timepris. Det skal vera ein faktura per eining/fakturareferanse.

Det skal ikkje belastast fakturagebyr, adm.gebyr eller liknande.

5.4 Deltaking i konkurransen

Tilbydar må sjølv dekke alle eigne kostnader ved deltaking i konkurransen.

5.5 Vilkår ved betaling

Kommunane sine vilkår for betaling er fakturadato pluss 30 dagar. Føresetnad for betaling i rett tid er at faktura kjem fram seinast 4 dagar etter fakturadato, og at leveransen er godkjent av tingande eining.

Feil og/eller manglar på faktura kan føre til at han vert returnert, og ny frist for betaling skal verta rekna etter korrekt faktura. Det er ikkje lov til å ta betaling for retting av faktura.